

Tabell 3-fk

Anslag på frie inntekter i 2021 for fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2020 til 2021. Som frie inntekter reknar ein inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap for 2020. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren frå 2020 til 2021 er anslått til 2,7 pst.

I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert. Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til når ein bereknar veksten i frie inntekter. Samla inntektsskatt for fylkeskommunane i 2020 og 2021 blir anslått av Finansdepartementet i statsbudsjettet for 2021. For å anslå skatteinntektene for kvar fylkeskommune, tek ein utgangspunkt i skatt per innbyggjar i fylkeskommunen i 2019 og skriv fram talet med innbyggjartalet i 2020. Utifrå skatt i 2019 framskriven med innbyggjartal for 2020, blir det rekna ut eit anslag på kvar fylkeskommune sin prosentdel av det samla skatteanslaget for 2020 og 2021. Dette trekkjer i retning av at fylkeskommunar som har høgare vekst i talet på innbyggjarar enn landsgjennomsnittet frå 2020 til 2021, òg får høgare vekst i skatteinntekta enn det som følgjer av føresetnadene for berekninga. Det motsette vil kunne vere tilfellet for fylkeskommunar med svakare vekst i talet på innbyggjarar enn gjennomsnittet for landet. Skatteutjamninga for 2021 tek utgangspunkt i innbyggjartalet per 1. januar 2021.

I berekninga av veksten i frie inntekter blir naturressursskatten halden på same nivå i 2020 og 2021. For begge åra blir det nytta tal for naturressursskatt frå inntektsåret 2018.

Rammetilskot 2020 er henta frå revidert nasjonalbudsjett 2020. Auka skjønstilskot på 1,5 mrd. kroner til kompensasjon for inntektsbortfall i kollektivtrafikken i samband med virusutbrotet, jf. Prop. 142 S (2019–2020) som blei lagt fram i september, er inkludert i landssummen. Rammetilskotet for 2021 er vist i tabell 1-fk.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir anslaget på frie inntekter for 2020 korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerkte tilskot i 2021. Anslaget på frie inntekter for 2020 er òg korrigert for ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet. Desse løyvingane blir ikkje vidareførte i 2021. I 2021 er summen av korrigeringar for virusutbrotet og andre saker om lag -3,7 mrd. kroner i 2020-kroner. Korreksjonane er viste i innleiinga til Grønt hefte.

Endringar i fordelingar av saker med særskild fordeling (jf. tabell C-fk) er behandla som ei oppgåvekorrigering i utrekninga av vekstanslaget for kvar einskild fylkeskommune. For 2021 gjeld det kompensasjonen for tunnelsikkerheit, distrikts- og regionalpolitiske tilskot og tilskotsordninga Jobbsjansen del B. Ny fordeling av desse saken påverkar ikkje samla vekstanslag for fylkeskommunane.

Veksten i frie inntekter frå 2020 til 2021 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2020 i Prop. 1 S for 2021. Skatteinntektene for fylkeskommunane i 2021 er anslått til 37,5 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2020 til 2021, ut frå anslag på rekneskap, er nominelt anslått til 3,6 prosent. Anslaget omfattar ein auke i skatteanslaget for 2020 med 441 mill. kroner samanlikna med anslaget i revidert nasjonalbudsjett 2020.

Skjønstilskot som blir fordelt i løpet av året i 2020 og 2021 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune. For begge åra er det ufordelte skjønnet (reservepotten) på 50 mill. kroner. Kompensasjon for inntektsbortfall i kollektivtrafikken på 1 500 mill. kroner i 2021, jf. Prop. 142 S (2019–2020), og 1 250 mill. kroner i 2021 er óg ufordelt og ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune.

Seks kommunar bytte fylke på tvers av dei nye fylkesgrensene 1. januar 2020. Sidan skatteanslaget tek utgangspunkt i fordelinga av skatt før dei nye fylkesgrensene trådte i kraft, er det ved berekning av skatteanslaget 2020 og 2021 korrigert for grensejusteringane med utgangspunkt i faktiske skattetal for 2019 (naturressursskatten for inntektsåret 2018) for kommunane det gjeld.

Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2020

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2020. Rammetilskotet per fylkeskommune er henta frå revidert nasjonalbudsjett for 2020, mens skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2020 i Prop. 1 S (2020–2021). Kompensasjon for inntektsbortfall i kollektivtrafikken, jf. Prop. 142 S (2019–2020) er ufordelt og er inkludert i landssummen for 2020.

Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2020

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er óg korrigert for ekstraordinære løyvingar i samband med virusutbrotet. Desse løyvingane blir ikkje vidareførte i 2021. Det er teke utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane er omtalte nærare i innleiingsteksten til Grønt hefte og Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

På landsnivå er det korrigert for midlar til kompensasjon for inntektsbortfall i kollektivtrafikken i samband med virusutbrotet, både for 2020 og for 2021, dvs. differansen mellom desse i 2020-kroner. Kompensasjonen på 1,5 mrd. kroner i samband med jf. Prop. 142 S (2019–2020), som blei lagt fram i september, og kompensasjonen på 1,250 mrd. kroner som er føreslått i 2021, er enno ikkje fordelt mellom fylkeskommunane.

Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2021

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2021. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-fk. Skatteinntektene er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2021 i Prop. 1 S (2020–2021).

Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2020 til 2021

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2020 til 2021 for den einskilde fylkeskommune (kolonne 3 - kolonne 2).

Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i prosent frå 2020 til 2021

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigert vekst frå anslag på rekneskap 2020 til 2021.